

NLM-barnehagene AS

Avdeling Tryggheim barnehage, Vestnes

VEDTEKTER FOR BARNEHAGEN

1. **Eigar**

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) eig og driv Tryggheim barnehage gjennom NLM-barnehagene AS.

Styret for aksjeselskapet er ansvarleg organ for barnehagen og det organet som representerer eigaren. Eigar kan ikkje hente utbytte frå barnehagedrifta.

2. **Formål**

a) Formålsparagraf etter barnehagelova

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta vare på dei behova som borna har for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfri- dom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Borna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggande kunn- skapar og dugleik. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, og anerkjenne eigenverdien som barndommen har. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

b) Eigars formål for barnehagen

Barnehagen skal, i nær forståing og samarbeid med heimen, hjelpe til med å gi barna kristen oppseding i eit godt og trygt miljø. Han skal gi gode utviklings- og aktivitetsvilkår til borna og utvikle deira evne og vilje til å samarbeide med andre, til å ta ansvar og til å ha omsorg for medmenneske, både i Noreg og mellom andre folkeslag.

3. **Forvaltning av barnehagen**

Barnehagen blir driven i samsvar med vedkjenningskriftene til Den Norske Kyrkja, Lov nr 064 av 17. juni 2005 om barnehagar og føreskriftene til lova, rammeplan for barnehagar, og dei føreskriftene og retningslinene som departementet til ei kvar tid fastset. I samsvar med § 1, fjerde avsnitt i barnehagelova blir barnehagen driven med utvida kristen føremålsparagraf. Kristen tru, etikk og menneskesyn skal vere grunnlaget for alt som barnehagen tek seg føre. Vedtektene og føreskriftene til barnehagen skal bygge på same grunnvollen og vere med i grunnlaget for drifta av barnehagen.

4. **Avtale om drift**

Barnehagen har driftsavtale med Vestnes kommune.

5. **Opptak av barn**

Etter § 12 i barnehagelova skal alle godkjende barnehagar i kommunen samar- beide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for ein samordna opp- taksprosess der det skal takast omsyn til mangfaldet og eigenarten i barnehagane. Ønske og behov til brukarane skal tilleggast stor vekt ved sjølve opptaket.

HOVEDKONTOR:

Postboks 7503 Spjelkavik, 6022 ÅLESUND
Tlf: 70 17 44 00 / Faks: 70 17 44 10
E-post: barnehage.as@nlm.no
Foretaksnr.: NO 886 308 922
Bankkontonr: 3000 17 06892

BARNEHAGEN:

Retten til barnehageplass, etter § 12a vart vedteke i Stortinget 12. juni 2008, bestemt i kongeleg resolusjon av 26. september 2008 og tråtte i kraft 01.01.09. Lova inneber at kommunen har plikt til å tilby barnehageplass til barn under opplæringspliktig alder som bur i kommunen, og som fyller 1 år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass. Dette gjeld dei som søker innan fristen for hovudopptaket.

a) Opptaksmyndigheit

Dagleg leiar er ansvarleg for opptak av barn i barnehagen.

b) Opptakskrins

Barn frå heile kommunen kan søkje om opptak i barnehagen. Har barnehagen ledige plassar etter at samordna opptak i kommunen er gjennomført, kan barn frå andre kommunar søkje om opptak.

c) Opptakskriterium

Ved opptak blir barn prioritert slik:

- i) Barn med nedsett funksjonsevne, i samsvar med § 13 i barnehagelova, og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester, §§ 4-12 og 4-4, andre og fjerde ledd
 - ii) To plassar, øyremerkte barn til tilsette i barnehagen
 - iii) Søsken til barn som har plass i barnehagen
 - iv) Omsyn til alderssamansetninga til barna og sikre forsvarleg drift
- Står to søknader likt, skal søknadsdatoen vere avgjerande

d) Opptakets lengde

Tilbod om barnehageplass gjeld frå opptaksdato, gitt i brev med tilbod om barnehageplass, og fram til skulepliktig alder.

e) Opptakstidspunkt og oppseiing

Opptak av barn kan gjerast heile året, men hovudopptaket vil gjerast ved samordna opptaksprosess. Dagleg leiar kan, etter skriftleg søknad, tilby barnehageplass utanom hovudopptak.

Oppseiing skal vere skriftleg. Gjensidig oppseiingstid av barnehageplass er 2 månader, rekna frå 1. dag i månaden etter at oppseiinga er skriven. Oppseiing frå barnehagen si side krev sakleg grunn. Oppseiing frå foreldre/føresette, mottatt av barnehagen etter 1. april, medfører plikt til å betale foreldrebetaling ut barnehageåret, så sant barnehagen ikkje får inn eit nytt barn i oppseiingsperioden. Oppseiingstida gjeld også for barn som det er takka ja til plass for, men der foreldre/føresette ombestemmer seg.

f) Klage

Ved hovudopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få sitt første eller andre ønske oppfylt.

Utanom hovudopptak kan berre søkerarar til barnehagen som har lovfesta rett til prioritet etter § 13 i barnehagelova, klage dersom dei ikkje får plass. (sjå Opptakskriterium, pkt 5 c i)

Alle klager må framsetjast skriftleg til kommunen. Ein må nemne kva vedtak det blir klaga over og kva grunnar som klagen støttar seg til.

Reglane for klagetilgang står i 'Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage', forskrift 2005-12-16 nr. 1477.

6. Foreldrebetaling

§ 14 i barnehagelova pliktar offentlege styresmakter til å handsame alle godkjende barnehagar likeverdig i forhold til offentlege tilskot. Så lenge stat og kommune følgjer denne paragrafen i barnehagelova, vil barnehagen følgje dei vedtaka som staten gjer om storleiken på foreldrebetalinga. Barnehagen har eige reglement for foreldrebetaling.

7. **Misleghald**

Dersom betaling for barnehageplass ikkje er mottatt i løpet av den månaden betalinga gjeld for, vil foreldre/føresette få en purreinkasso. Blir heller ikkje denne betalt innan 14 dagar, går saken til inkasso.

Dersom foreldre/føresette skuldar foreldrebetaling for meir enn 1 månad, har barnehagen rett til å seie opp barnehageplassen. Dette gjeld òg når barn gong etter gong blir henta etter at avtalt opphaldstid er overskriden.

8. **Arealutnytting**

Barnehagen har eit samla leike- og opphaldsareal på 222 m² og følgjer kommunens norm for arealutnytting på 4m² for barn over 3 år og 6 m² for barn under 3 år.

9. **Opnings- og opphaldstid**

Barnehagen blir driven som heildags barnehage og er for barn i alderen 1-6 år. Opningstida er frå kl 6:45 til kl 16:30 måndag – fredag. Barnehagen er stengd 4 veker i juli/august. I løpet av året er barnehagen i tillegg stengd 5 kurs- og planleggingsdagar.

10. **Foreldreråd**

Etter § 4 i barnehagelova skal barnehagen ha eit foreldreråd som består av alle foreldre/ føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal også ta initiativ til dugnadar i barnehagen og hjelpe til med å gjennomføre desse. Foreldrerådet vel sjølv leiar og sekretær. Dei representerer også foreldra i SU.

11. **Samarbeidsutval**

I samsvar med § 4 i barnehagelova skal barnehagen ha eit samarbeidsutval (SU) som skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Det består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe har 2 representantar. Eigar vel 2 representantar til SU, men ikkje fleire enn kvar av dei andre gruppene. Kommunen kan òg ha ein representant i samarbeidsutvalet. Eigar vel sine representantar for 2 år, dei andre for 1 år.

Dagleg leiar i barnehagen er sekretær i samarbeidsutvalet, førebur sakene, set opp sakliste og kallar inn til møte i samråd med leiar i SU.

Regionleiaren i NLM, eller den regionstyret har valt, har møte- og talerett i SU.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagens innhald, verksemd og i forhold til foreldra. Det skal ha informasjon om budsjett og rekneskap. SU skal godkjenne årsplanen for barnehagen. Saker som gjeld tilsettingar, opptak av barn og liknande skal ikkje behandlast av samarbeidsutvalet.

12. **Dugnad**

Det er ønskjeleg at foreldre / føresette som har takka ja til barnehageplass, deltek på 1-2 dugnadar i året.

13. **Eigarstyre**

Eigar utnemner eit eigarstyre for barnehagen. Denne skal vere eigars lokale organ som hjelper dagleg leiar med oppgåver i samsvar med instruksen til eigarstyret.

14. Internkontroll

Barnehagen skal foreta internkontroll etter gjeldande reglar og føresegner. Programvaren *Styrerassistenten* og/eller HMS-dokumenta frå PBL er dokumentasjonen for internkontrollen i barnehagen.

15. Ansvar

Barnehagen teiknar ulykkforsikring for barn som har fått plass i barnehagen. Forsikringa dekkjer borna heile året, også når dei ikkje er i barnehagen. Dekninga er p t 500.000 kroner ved invaliditet og 50.000 kroner ved død.

16. Iverksetting og endringar

Vedtektene for Tryggheim barnehage, Vestnes, gjeld frå 25.03.2011.

Lokale tilpassingar av vedtektene skal godkjennast av eigarstyret for barnehagen, så sant det ikkje gjeld endringar av prinsipiell art. I så fall skal endringane godkjennast av styret for NLM-barnehagene AS.

Vedtektene er godkjende av styret for NLM-barnehagene AS 10.11 2010.

Godkjent av eigarstyret for Tryggheim barnehage, Vestnes 24/03 2011.